

# **Retningslinjer for prosjekt- og klientpraksis ved utdanningane Bachelor i sosialt arbeid, sosionom- og barnevernspedagog ved Høgskulen i Volda**

Vedtekne 04.04.2006 med heimel i kap. 12 § 12.4.8 i Forskrift av 9.desember 2005 om studium og eksamen ved Høgskulen i Volda.

## **§1. VERKEOMRÅDE**

Desse retningslinene gjeld for prosjekt- og klientpraksis slik desse er definerte i studieplanane for Bachelor i sosialt arbeid , sosionom- og barnevernsutdanningane ved Høgskulen i Volda..

## **§2. PROSJEKTPRAKSIS**

Prosjektpraksis skal normalt gjennomførast i grupper på 3 - 5 studentar. Etter søknad til instituttleiar kan prosjektpraksis ved særlege høve gjennomførast av fleire eller færre studentar. I prosjektpraksis er arbeids- og læringsprosessar ein viktig del. Prosjektpraksis omfattar:

- Utarbeiding av ein felles rapport, og eventuelle andre former for dokumentasjon om eit fagleg relevant tema.
- Framlegging av prosjektet.

## **§3. KRAV OM DELTAKING VED PROSJEKTPRAKSIS**

Dersom einskildstudentar i grupper ikkje i tilfredsstillande grad tek del i prosjektarbeidet, kan det i høve til den einskilde studenten verte sett vilkår for godkjenning.

## **§4. NÆRARARE OM PROSJEKTPRAKSIS**

I følgje studieplanen kan prosjektpraksis vere sett saman av ulike delar. Noko har status som eksamen og vert sensurert, og noko må vere godkjent for å kunne halde fram i studiet. Dette vert nærrare spesifisert i emneplanen. For arbeidskrav, frammøte og element som går til eksamensvurdering gjeld Forskrift for studium og eksamen ved Høgskulen i Volda av 9.des. 2005 kap. 14, 16 og 19.

## **§5. KLIENTPRAKSIS**

Klientpraksis omfattar:

- 5.1. Deltaking på praksisførebuande kurs.
- 5.2. Praksis på ein tilvist praksisstad.
- 5.3. Oppgåver gitt av høgskulen.

- 5.4. Deltaking ved evaluering etter praksisperioden.

## **§6. KRAV TIL FRAMMØTE VED KLIENTPRAKSIS**

- 6.1. Ved fråver fra obligatorisk undervisning før og etter klientpraksis, jf. § 5 nr 5.1. og 5.4., gjeld Forskrift for studium og eksamen ved Høgskulen i Volda av 9.des. 2005 § 14.3
- 6.2. Under praksisopphaldet skal studenten følgje arbeidstida på praksisstaden.
- 6.3. Studenten kan ha inntil 10 dagar legitimert fråvær. Fråvær ut over dette kan berre skje etter avtale med høgskulen. Eit eventuelt fråver ut over 10 dagar skal takast att.
- 6.4. Ved avbrot i praksisperioden fastset Avdeling for samfunnsfag i kvart einskild tilfelle når praksisperioden skal fullførast.

## **§7. GODKJENNING AV KLIENTPRAKSIS**

- 7.1. Alle elementa i praksisstudiet, jf. § 5, må vere godkjent for at praksis som heilskap skal bli godkjent. Praksisstudiet må vere godkjent for at studenten skal kunne halde fram i studiet.
- 7.2. Den eksterne klientpraksisen skal godkjennast av ein faglærar (kontaktlærar) og ein rettleiar på praksisstaden som begge vert oppnemnde av avdelinga.
- 7.3. Dersom avbrot i praksis skuldast svangerskap, eigen eller barns sjukdom eller andre grunnar som vert godkjende av høgskulen, må minst halvparten av praksisperioden vere fullført og godkjent før studenten kan halde fram i studiet. Det som står att av praksisen, skal takast att snarast råd.

## **§8. TVIL OM GODKJENNING/IKKJE GODKJENNING AV KLIENTPRAKSIS**

- 8.1. Praksisrettleiar og/eller faglærar kan reise tvil om eller kome med framlegg om Ikkje godkjenning av praksis.
- 8.2. Studenten har krav på vurdering undervegs i praksisstudia. Når det er tvil om praksis kan godkjennast, eller det kjem framlegg om ikkje godkjenning, skal det arrangerast eit møte mellom student, praksisrettleiar, faglærar og/eller praksiskonsulent og/eller eventuelt andre som kan ha viktig kunnskap om saka. Føremålet med møtet skal vere å klare opp eventuelle mistydingar og å kartlegge alle viktige fakta og synspunkt i saka.
- 8.3. Initiativ til eit slikt møte skal takast så fort råd er og seinast tre - 3 - veker før praksisopplæringa skal slutte. Dersom spesielle tilhøve seier det, kan ein fråvike tre-vekers regelen.
- 8.4. Høgskulen tek initiativ til møte, og har ansvar for innkalling og gjennomføring av det. Innkallinga skal vere skriftleg og vere studenten i hende seinast fem dagar før møtet. Innkallinga skal gjere greie for kva saka gjeld og skal elles innehalde det som reknast som påkravd for at studenten på forsvarleg måte kan ivareta sitt tarv. Det skal førast protokoll.

- 8.5. Eventuelle kommentarar skal vere skriftlege, og skal sendast til instituttleiar seinast ei - 1 - veke etter at protokollen er ferdig.
- 8.6. Instituttleiar fremjar saka for dekan, som og gir studenten høve til å kome med sine synspunkt direkte i eit saksførebuande møte med instituttleiar og praksisansvarleg.
- 8.7. På grunnlag av dei opplysningane som ligg føre, gjer avdelingsstyret, eller den avdelingsstyret gir fullmakt, vedtak om praksisopplæringa skal godkjennast eller ikkje.
- 8.8. Vedtak om ikkje godkjenning av praksisopplæringa skal grunngjenvast skriftleg.
- 8.9. Vedtaket og grunngjevinga skal sendast studenten.

## **§9. KONTINUASJON VED KLIENTPRAKSIS**

- 9.1. Dersom klientpraksis ikkje vert godkjent, har studenten rett til å kontinuere ein - 1 - gong.
- 9.2. Ved kontinuasjon følgjer høgskulen dei vanlege prosedyrane for praksisplassering. Til vanleg vil dette seie at ein følgjer høgskulen sine tider for praksisutplassering, om ikkje anna vert avtalt særskilt.

## **§10. VITNEMÅL**

Det skal ikkje skrivast ut vitnemål før praksisopplæringa er godkjent, jf. eksamensreglementet § 15 nr 1.

## **§11. KLAGE**

- 11.1. Vedtak om vilkår som må oppfyllast før praksis kan godkjennast og vedtak om ikkje godkjenning av praksis, kan ikkje påklagast.
- 11.2. Reglane i nr 11.1. avgrensar ikkje retten til å klage på grunn av formelle feil. Slik klage skal rettast til høgskulen si klagenemnd.

## **§12. HEIMEL FOR UNNTAK FRÅ RETNINGSLINENE OG UTFYLLANDE REGLAR**

- 12.1. Dekan ved Avdeling for samfunnsfag kan gjere unntak frå retningslinene etter innstilling frå instituttleiar.
- 12.2. Dekan ved Avdeling for samfunnsfag kan gi utfyllande reglar til desse retningslinene etter innstilling frå instituttleiar.

## **§13. IVERKSETJING**

Desse retningslinene trer i kraft 04.04.06.